



Til no har det meldt seg berre 2 uskedelingar til Ungdommens Kulturmonstring (UKM) på Husnes laurdag 5. februar. Det er Birte Nybakk og Ingebjørg Haugland.

Birte skal syngja og Ingebjørg akkompagnera på piano, slik dei gjoirde det då dei var i kommunestyret tidlegare i vinter.



Musikkskulerektor Rolf Lothe opplyser til uskedalen.no at det til no er påmeldt berre 16 innslag og 12 av dei er innanfor kategorien musikk. 2 danseinnslag og 2 med bildande kunst kjem i tillegg og her ønskjer leiinga fleire. Det er også open ein kategori for videoinnslag. Oppslutnaden er mindre enn den plar vera og Lothe oppmodar ungdommar mellom 10 og 20 om å melda seg. Dette er inga tevling, men ein mønstring og fristen for innmelding er no forlenga til 24. januar.

I fjor gjekk 13 vidare til fylkesmønstringa. Over opptrer Birte Nybakk og Ingebjørg Haugland for kommunestyret.

(Foto: Kristian Hus, HusnesNett)